

---

**Fra:** Maria Eikedal  
**Sendt:** 5. januar 2017 14:55  
**Til:** 'post@odda.kommune.no'; 'postmottak@os-ho.kommune.no';  
Postmottak Radøy; 'postmottak@samnanger.kommune.no';  
'post@stord.kommune.no'; 'postmottak@sund.kommune.no';  
'postmottak@sveio.kommune.no'  
**Emne:** Utbyggingsavtalar - kartlegging av praksis rundt fordeling av mva-frådrag.

Hei.

Mitt namn er Maria Eikedal. Eg er juridisk rådgjevar i Osterøy kommune og jobbar med utbyggingsavtalane i kommunen.

Vi ynskjer å gjere ei kartlegging av kva for prosentsats som vert brukt i kommunane i Hordaland når det gjelder overdraging av justeringsrett i samband med utbyggingsavtalar etter justeringsmodellen. Korleis praktiserer dykkar kommune den prosentvise fordelinga av mva-frådraget mellom kommunen og utbyggjar? Med andre ord, kor stor prosentdel av mva-frådraget held kommunen att for å dekke kostnadane med å administrere refusjonen over 10 år?

Har de i dykkar kommune ein prosentsats som de brukar i alle slike avtalar, eller brukar de ulike satsar etter kva for avtale det er tale om?

Dersom de har fastsett ein prosentsats som dykkar kommune brukar i slike avtalar, er denne prosentsatsen politisk forankra hjå dykk? Dersom de har ein variabel i høve til kva for prosentsats som vert brukt, kvar ligg nivået?

Vi er svært takksam for tilbakemelding. Still gjerne spørsmål dersom noko er uklårt.

Ha ein fin dag!

Med venleg helsing

**Maria Kongestøl Aasgaard Eikedal**  
Juridisk rådgjevar / Leiar teknisk forvaltning



T / 56 19 21 66 / 408 06 927  
E / [maria.eikedal@osteroy.kommune.no](mailto:maria.eikedal@osteroy.kommune.no)  
W / [www.osteroy.kommune.no](http://www.osteroy.kommune.no)

Sjå vår brosjyre

Osterøy kommune Hatland 5282 Lonevåg Org. nr.: 864 338 712